

03 NOVEMBER 2024
ÅRGANG 57

KYRKJEBLAD FOR ARNA OG YTRE ARNA

Kyrkjebladet



Margot sine juletradisjonar s. 4-5

Ytre Arna kyrkje 125 år s. 8-9

Musikalen "Du er UNIK" s. 7



DEN NORSKE KYRKJA

Utgjevar: Arna og Ytre Arna kyrkjelydar

Redaktør: Møyfrid N. Opheim
Redaksjonen: Ingvar Fløysvik, Tor Oddvar Holmefjord, Jorunn Haukås, Erik Rodal, Møyfrid N. Opheim

Design: Ruth Sofie Steinsland
Trykk: Unigrafisk AS
Opplag: 5700
Foto framside: adventsførebuing på Klubben. Foto Odd Mehus.

Neste utgåve: 4.april
Materiellfrist: 7.mars

Arna kyrkjekontor
Lakslia 21 (Arna Kyrkjelydshus)
Tlf: 55 36 22 70
Kontortid: tysdag, torsdag og fredag kl 10-15

Tilsette og kontakinfo

Dagleg leiar Arna og Ytre Arna
Marianne W. Fanebust
arna.menighet@kirken.no
ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no

Arna kyrkjelyd
Facebook: Arna kyrkjelyd

Soknerådsleiar: Torill Vik Johannessen
Sokneprest: Roar Moen, rm263@kyrkja.no.
tlf: 957 95 324

Kapellan: Gina Marie Reisæther-Thu
gr693@kyrkja.no

Kantor: Olav Arne Steinkopf,
os377@kyrkja.no

Kateket: Cathrine Snipsøyr
cs262@kyrkja.no, tlf: 920 71 840

Trusopplærar: Gro Eman, ge427@kyrkja.no

Ytre Arna Kyrkjelyd
Open kyrkje onsdagar kl. 11.30-13.00
Facebook: Ytre Arna kyrkjelyd
Soknerådsleiar: Jorunn Haukås

Sokneprest: Ingvar Fløysvik
if952@kyrkja.no, tlf: 916 06 626
Organist: Jørn Skauge, js234@kyrkja.no

Trusopplærar: Marianne Hjortland,
mh798@kyrkja.no

Kyrkjetenar i Arna og Ytre Arna:
Monica Ohr, mo886@kyrkja.no,
tlf 412 04 198

Ungdomsdiakon 13-20, Arna og Ytre Arna:
Maria Aasheim Grosås mg647@kyrkja.no,
tlf 413 60 923

Styrar i Noa og Sakkeus open barnehage:
Møyfrid N. Opheim, sakkeusopenbhg@outlook.com

Vil du gje ei gåve?

Arna Kyrkje
Konto: 1506.60.81157
Vipps: 11237

Ytre Arna Kyrkje
Konto: 5081.08.12726
Vipps: 12191



Tankar
om tru

Kven er din toppkandidat?

Det har nyleg vore val av president i USA – noko som vekker stor merksemd. Det er nemleg så mye som står på spel – og ikkje berre for amerikanarane, men også for oss her heime og i andre delar av verda vår. I alle fall når det kjem til tryggingpolitikk.

Vegen fram til å velje ein ny president, med den form for valkamp dei køyrer i USA er ganske framand for oss. Så er òg landa våre ulike; og slik finst det nok mange måtar å organisere både ein valkamp og eit samfunn på med forskjellar frå land til land. Men, er det noko som i mange tilfelle er ein likskap, er det politikarar og toppkandidatar som smiler om kapp for å sikra seg røyster. Det vert gjeve store og flotte løfte berre dei får politisk fleirtal – ved hjelp av di røyst sjølvst.

Livet for ein veljar, som deg og meg, består ikkje berre av politiske val. Me gjer val heile tide, kvar dag og kvar time. Gode og dårlege handlingsval. Og nokre gonger overlét me til andre å ta vala for oss.

Me har høyrte at Jesus vert omtala som ein konge, og at me ikkje bør blanda tru og politikk. Me er kjende med at Jesus i si samtid var ein radikalar, vart sett på som ein oppviglar, hadde store folkemøte, og at han utfordra leiinga i samfunnet. Men, har du nokon gong sett føre deg Jesus som sin politisk toppkandidat?

Jesus er nemleg toppkandidat som står på val i menneskes liv kvar dag, han har eit veldig enkelt slagord: Følg meg! (Mark. 1,17) Han vil at du skal slutte deg til han og det Han står for, og Han gjev deg eit valløfte. Han vil kjempe for di sak og gå god for deg. Han vil godtgjere at du, trass dårlege val på jorda, er god nok for Guds rike der det berre finst ein vervepremie – evig liv saman med Gud! Guds rikes parti har få mål: at mennesket, eller veljaren om du vil, skal få fred og frelse ved Jesus, og me følger ideologien til Guds rikes parti – Jesu' dømme og lære.

Med Guds rikes parti er det omvendt frå politikken. Der politikken gjev von til kandidatar om nok røyster til posisjonar og verv, gjev Guds rike håp til veljaren. No står det berre att å gje si tilslutning til Guds rikes parti, der Jesus er toppkandidaten og slagordet er: Følg meg!
Godt val!



Roar Moen



Foto: Odd Mehus

Ordinasjonsgudsteneste i Arna kyrkje

15. september vart Roar Moen vigsla til tenesta som sokneprest i Arna. Ei fullsett kyrkje tok imot sin nye prest med glede og forventning.

Biskop Ragnhild Jepsen leia gudstenesta, og etter innsetjinga inntok Moen preikestolen og heldt si første preike i Arna kyrkje. Kantor Olav Arne Steinkopf saman med Arna og Ytre Arna kyrkjekor samt trompetist Torstein Holmås understreka feststemninga og løfta salmesongen til taket!

Etter gudstenesta baud Arna sokneråd på kyrkje-kaffi i kyrkjelydshuset, også her var det fullt hus. Eit innhaldsrikt kakebord og gode helsingar til den nye presten vart ein flott avslutning på ein stor dag.

TEKST: MØYFRID OPHEIM



Foto: Benedikte Rognsvåg Henriksen

*Ny halm i madrassen og
graut til nissen på låven*

Margot Hauge (91) sine advent- og juletradisjonar



Foto: Margot Hauge i godstolen heime på Hauge.

Margot Hauge er fødd 17. april 1933 og vaks opp på Lonevåg på Osterøy under krigen. Eit artig barndomsminne var at halmen i madrassen blei skifta til jul. - På julaftan låg vi veldig høgt. Så blei madrassen lågare og lågare fram til halmen blei skifta igjen neste jul. Det var alltid fare for å få lopper i halmen, men det gjekk stort sett bra, seier Margot.

Noko av det store ho hugsar frå barndommen, var at dei fekk sjoko-lade til jul. Det var noko dei aldri fekk elles i året.

Det var 1. juledag som var den store kyrkjedagen på den tida. Dei måtte gå ein time kvar veg til og frå Gjerstad kyrkje. Skikken med kyrkjegang på julaftan kom seinare.

19 år gamal kom Margot til Espeland for å jobbe på Janus-fabrikken. Ho blei med i bedehuset

Betania på Lone. Der blei ho snart godt kjend med Jens K. Hauge. I 1957 gifta dei seg og overtok Hauge-garden i Langedalen etter Jens sine foreldre Karl og Nikolina, som berre blei kalla Nikka. Ho gjekk heilt krumbøygd. Dei arbeide seint og tidleg og var svært flinke. Dei venta at andre skulle arbeide like mykje heile tida. Det var ikkje greitt å setje seg ned for å kvile.

Margot og Jens fekk åtte barn. Av dei er det to tvillingpar. Den eldste, Kåre Rune, blei fødd i 1958 og er no domprost i Fredrikstad. Han har vore kandidat ved bispeval. Jan har overtatt garden. Dei fleste døtrene er sjukepleiarar. Solveig er ute på hospitalskipet Mercy Ships i Sierra Leone. Ho var med i det første norske ebolateamet som i 2014 reiste til Vest-Afrika.

For sju år sidan mista Margot dottera Marit. Ho var heime både

julaftan og 2. juledag den siste jula ho levde, men var veldig svak. Det var eit svært smerteleg tap. Margot har 20 barnebarn og åtte oldebarn.

Advent var ein særdeles travel tid med mykje som skulle gjerast. - Ein julaftan morgon sa Nikka til meg at eg måtte vaska alle vindauge i fjøset. Men då sa eg nei, det gjer eg ikkje.

Jens laga adventsstake av greiner frå trea. Alt skulle kledast i lilla. Kvar søndag var alle samla når vi tente lys og song. - Det gjer eg framleis sjølv om eg er åleine, seier Margot. - Vi laga kalender for adventstida. På Vestlandske bokhandel handla vi inn figurer med kristne symbol til kalenderen.

- Vi var nøye på at alt sølvtøy skulle pussast til jul. Dette var noko barn og etter kvart barne-

barn var med på. Det var mange kaker som skulle bakast. No er alltid barna Kari og Jan og nokre av barnebarna med når vi lager peparkaker og lefser. Og når grisen blei slakta, var det mykje å laga til. Vi laga sylteflesk og sydde rullepølse. Det blei også laga leverpostei i store mengder. Vi lagar framleis rullepølse, og då er barn og barnebarn med. Kakehus blir pynta vesle julaftan.

- Eit kjært adventsminne var at Aslaug Borge og eg i mange år baka lefser saman. Vi baka ein heil dag og laga både tjukke og tynne lefser.

Så skal vi rundt med lys på alle graver. Eg held på skikken med å skrive julekort. I dag er det mange som heller tek ein telefon, men eg synest det er kjekt å skrive julekort, sjølv om det ikkje er alle som svarer.

Ein dag i adventstida reiste heile familien til Oasen i Fyllingsdalen. Det var det første kjøpesenteret i Bergen. Barna fekk pengar slik at dei kunne kjøpe gåver. Vi kjøpte is og hadde det kjekt. Men det var eit minus at folk røykte over alt på den tida og lufta var tung. Vi reiste også til Bergen sentrum for å sjå på nissane hos Sundt.

På julaftan formiddag var alle samla på låven når vi bar ut graut til nissen. Då song vi om julenissen på låven. Etterpå var alle samla på kjøkkenet for å ete graut. - Eg har ymta frampå nokre gonger om det ikkje snart er tida for å kutte ut denne grauten til nissen på låven. Men dei ønsker å halda fram med det.

Ingen fekk gå inn i stova før etter at vi hadde vore i kyrkja på julaftan. Der stod juletreet som Margot og Jens hadde pynta

kvelden før. Det store treet på tunet blei også pynta og fekk lys.

Margot har også vore aktiv med juletradisjonar utanfor heimen. I om lag 20 år var ho med på førjulsarrangement i Blå Kors og Kvite Band i Bergen.

- I år blir vi 11 heime på julaftan. Solveig kjem heim frå skipet i Sierra Leone, og det er kjekt. Midt i alt strevet må vi gje oss tid til å tenke over kvifor vi feirar jul. Det er det viktigaste, seier Margot Hauge.

TEKST OG FOTO: AUDUN STØLÅS
BAKGRUNNSFOTO:
UNSPLASH/ MARKUS SPISKE

50 års konfirmantar 2024



Ytre Arna

Rekke 1 frå venstre:
Ingvar Fløysvik, Undis Synnevåg,
Inger Pollen, Jane Ellertsen,
Tore Haugland, Sylvi Svardal

Rekke 2: Atle Haugland,
Nina Beth Bakke Brodahl,
Brita Jannike Romslo, Inger
Margrethe Sætervik Havre,
Kathy Iren Mikkelsen

Rekke 3: Bjarte Skjelvan,
Alf Gaupås, Tore Haugland,
Rune Loftås, Ola Johan Loftås,
Jarle Langeland

Foto: Tor Oddvar Holmefjord

Arna

Tilfeldig rekkefølge:
Knut Bakken, Olav Lunde
Fjelltveit, Magne Heggertveit,
Jostein Olav Håøy, Inge Olav
Kalsås, Frode Kleppestø, Helge
Lohne, Brigt Strømmen, Roar
Vik, Stein Arne Ystheim, Lillian
Angell, Grethe Berntsen Horvei,
Turid Dahl Berg, Magnhild
Daltveit, Bodil Digranes, Unni
Eide, Anne Torill Edland, Kari
Erdal, Turid Christin Farsund
Sjursen, Åse Hartveit Faugstad,
Margrete Lohne Kvam, Anne-Karin
Minde Rolland, Anne Kari Jahn
Stephansen, Inga Beate Støle,
Solrun Beate Dolvik Sunde, Kari
Thunestveit, Solveig K. Tunestveit
Reigstad, Åse Øyjord Andersen.

Venstre side:
Sokneprest Roar Moen



Foto: Frode Kleppestø

Besøk ei kyrkje med mobilen

Besøk ei kyrkje gjennom mobilen eller pc'en din! Det er laga digitale visningar av mange kyrkjebygg

Bruk QR-kodane under, eller gå inn på Google Maps og trykk på den gule 'personen' nede til høgre for å få opp Street View. Finn kyrkja du vil sjå i kartet og bruk pilane ved kyrkja for å komme inn i bygget.



Arna



Ytre Arna



Takvam



Musikalen «Du er UNIK»

Barn og unge frå Arna fylte hovedsalen i kulturhuset Sentrum

Det heile starta med evaluering av julespelet som har vore utanfor Arna kyrkje fleire år no. Møtet enda opp med ideen om lage musikal av favoritt-barneboka til Margreta Myklebust, ein draum ho har bore i hjarta over lengre tid.

Spente initiativtakarar laga til eit ope møte med høgtlesing og presentasjon av ideen. Dette førte til hotdog-middagar, øvingar, snekring av kulisser og sying av kostyme på kyrkjelydshuset! Ein

enorm dugnadsinnsats har vore lagt ned. Bedehuskanalen kom på besøk og laga reportasje, det var stor stas!

Og endeleg vart det ferdige produktet klart! Dei som tok turen til Ytre Arna, fekk høyre om tre-dokkene som gir stjerner til alle som er vakre, flinke og får ting til. Dei som ikkje er flinke, fine eller som er uheldige, får grå prikkar.

Punchinello er full av grå prikkar. Ein dag møter han Lucia. Ho har ingen merker! Når folk prøver å gje henne ein prikk eller stjerne, fester dei seg ikkje. Det er fordi ho

besøker treskjæraren Eli kvar dag og bryr seg meir om det han tenker om henne enn kva dei andre trenikkarane gjer. Punchinello tek til slutt turen til Eli. Der blir han møtt med opne armar av ein som kjenner han, og som har lengta etter at han skulle kome. Han får høyre at han er skapt UNIK - og ein grå prikk fell av...

Repsonsen på musikalen har vore enormt positiv. Takk til alle som har bidrege! Og ikkje minst: takk til Skaparen som har ein bodskap som aldri går ut på dato!

TEKST: GRO EMAN
FOTO: ØYSTEIN DYPEDAL



1. Talentshow i Ytre Trenikkeby, her skal det sankast stjerner!



2. - Kvhfor har ikkje du prikkar eller stjerner, Lucia? Foto: Møyfrid Opheim



3. Eli fortel Punchinello sine tankar om han - at han er unik.

Kammermusikk og korsong

Jubileumsveka starta med kammermusikk og korsong. Organist Jørn Skauge og cellist Zhala Aliyeva spelte Griegs sonate for piano og cello. Publikum fekk òg høyre fleire solo-stykke – alt musikk frå absolutt øvste hylle!

YA vokal framførte fleire songar frå ulike sjangrar, her var både folketonar, salmar og moderne musikk flott sydd saman.



Organist Jørn ved flygelet. Bilde tatt på jubileumsgudstjeneste. Foto: Ruth Sofie Steinsland

Konfirmant i jubileumsåret

Å vere konfirmant i eit jubileumsår skal vere litt ekstra stas! Og stas var det at biskop Ragnhild og prost Leif Endre takka ja til pizzakveld med konfirmantane!

Ungdomsdiakon Maria stilte spørsmålet mange lurte på: kva er ein biskop? - Eg er ei vanleg dame på 55 år som likar å vere med familien, vere ute i naturen og synge i kor, svara ho. Vidare fortalte ho at biskopen er leiar for kyrkjene og dei 11 prostane i Vestland fylke. Det inneber mykje ansvar, reising og varierte arbeidsdagar. Ho brenn for

gudstenester i ulike former, men saknar dei 'vanlege' preteoppgåvene som dåp, bryllup og gravferder.

Kva betyr det å vere kristen? var eit anna spørsmål. Ragnhild svara at trua og fellesskapet gir meining og retning i livet. Det å tru betyr at du alltid er god nok. Alle er perfekte i Gud sine auge!

Ei fin påminning for konfirmantane, og ein fin kveld å sjå tilbake på!

TEKST: MØYFRID OPHEIM

Ei jubileumsveke fylt med Guds ord, song og musikk

Meir om jubileet og fleire bilete finn du på Ytre Arne kyrkje.no

Temakveld

Onsdag 25. september var me samla til temakveld i kyrkja vår. Biskop Ragnhild Jepsen og prost Leif Endre Grutle skulle snakka saman om tvil og tru. Før dei kom så langt, hadde dei vore innoom kyrkjelydshuset og ete pizza med konfirmantane. Eva Marie Toppe stod for dei musikalske innslaga, ho kvad og spela hardingfela.



Prost Leif Endre Grutle i samtale med biskop Ragnhild Jepsen. Foto Tor Oddvar Holmefjord

Dette var fyrste gongen biskop Ragnhild er i Ytre Arna, og me fekk verta litt kjende med henne. Ho vaks opp i Ål og er døypt i Ål kyrkje. Ho fortel om ein trygg stad å veksa opp og eit romsleg miljø der ho slapp å verta sett i bås, ho deltok både i ungdomsarbeidet i Indremisjonen og i kappleikar. Biskopen mista faren då ho var ni år gammal. Gode vener hjalp på mange vis, til dømes øvingskørde dei med mora, ho trong jo førarkort no som ho hadde vorte åleine. Mora sa ho opplevde heile Ål bad for dei. Biskopen fortel at ho gjekk ut og inn av sorga,

snakka om faren og leika med dokkene om einannan. Ho sa elles at favorittsalmen hennar er: «Se solen skjøne lys og prakt» (Norsk salmebok nr. 812).

Dette var jo ein samtale mellom prost og biskopen. Men Leif Endre såg si rolle meir som den som spurde og la til rette slik at biskopen fekk koma fram med det ho hadde på hjartet. Dei snakka om tvil og tru, men kom òg inn på mange andre emne. I år har det vore feiringar av kristenretten på Moster i 1024 og landslova i 1274. Biskopen drog fram korleis desse lovene danna ytre rammer for trua og forma liv og tanke på nye

Jubileumsgudsteneste med vakker song og musikk

125-årsjubileet vart feira med festgudsteneste 6. oktober. Prost Leif Endre Grutle preika, og både tidlegare og noverande tilsette vart presenterte.

Organist Jørn Skauge i samarbeid med kantoren i Arna, Olav Arne Steinkopf, hadde laga ei flott musikalsk ramme for gudstenesta. Eitt av høgdepunkta var då kyrkjelyden song salmen Di sol let

Vakker song av dei tre kora.



T.h: Prosten talar til ei fullsett kyrkje. Under t.h: Jorunn Haukås i full gang med førebuing av jubileumiddagen. Foto: Ruth Sofie Steinsland



måtar. Det var stor skilnad på ættehovdingen og trælen, men i kyrkja var dei like. Dei trong den same dåpen, fekk den same nattverden, og dei vart liggjande på same kyrkjegarden. Lovene gav alle eit ansvar for dei fattige. Desse ytre rammene, den faste liturgien og dei nye vanane har vore med og forma oss, både i vårt land og i Europa elles. Jepsane kom til Ytre Arna med kapitalistisk teft, men òg med kristne verdier. Det var naturleg for å dei å pløya noko av pengane tilbake i lokalsamfunnet. Og dei tenkte ikkje berre på det materielle; arbeidarane trong høgtid over liva. Difor bygde dei òg Ytre Arna kyrkje for 125 år sidan. Kyrkja står her tydeleg i bygda som ein identitetsmarkør for kristen tru.

Dei to kom òg inn på tider då

livet vert tungt og trua vanskeleg. Prosten nemnde dei mange klagesalmene i Det gamle testamentet, salmar som både ærleg skildrar det vonde ein opplever, og gjev rom for både klage og aggresjon mot Gud. Biskopen drog fram liturgien, korleis det å kunna gjera dei ferdiglaga orda til sine eigne, ofte er ei god hjelp når livet floka seg til. Ho fortalde at liturgien til den armenske kyrkja ikkje har vorte endra sidan 1000-talet. Men då folket opplevde folkemordet tidleg på 1900-talet, trong dei ikkje finna nye ord. Den gamle liturgien, dei gamle bønene, målbar framleis røynda og trua. Kyrkja er eit rom for oss alle. Her kan me koma fram for Gud både med tru og tvil.


Til slutt heldt biskopen eit kort foredrag om gudstenesteglede. Liturgien er både verdsvid og skal vera stadavhengig, her er band tilbake til kyrkja i dei tidlegaste tider, og her er vårt eige språk og våre uttrykksformer slik at det

rører ved oss og bind saman. Me må halda høgt den evangeliske arven. Evangeliet skjer. Biskopen nemnde kvinna frå Samaria, som gjekk til brønnen midt på dagen for å unngå blikka og orda frå dei andre kvinnene i byen. Etter at ho hadde møtt Jesus, spring ho inn i byen og ropar ut til dei same kvinnene: «Kom og sjå ein mann som har sagt meg alt eg har gjort!»

Me fekk høyra kva som var biskopen sin kongstanke, eller biskopstanke: At me skal skapa dei romma der det er godt å vera, der me vert utfordra, der evangeliet skal få gå sitt frie løp, og me vert forundra over det som skjer, og der me kjenner at me høyrer saman.

Kyrkja har og skal ha rom for menneske. Det høvde difor særst godt då prost til slutt deklamerte diktet «Då Gud heldt fest i Fjaler» av Jakob Sande.

TEKST: INGVAR FLØYSVIK



Besøk Sakkeusparken

I adventstida blir Sakkeusparken omgjort til Lyspark. Den kan brukast på mange måtar:

Ta med deg sitjeunderlag, varme klede og kanskje ein kopp varm kakao. Nyt stillheita og dekorasjonane rundt deg.

Eller kva med å invitere nokon på kveldsmat i lysparken? Varm ostesmørbrød eller grill pølser på bålpanna som står der. NB: Hugs å ta med ved og fyrstikker.

Scan qr-koden som heng på porten utanfor! Då kan du høyre juleevangeliet medan du ser deg rundt om i parken.

TIPS TIL AKTIVITETAR I ADVENTSTIDA


Innviter på filmkveld

Finn fleire filmtips for alle aldersgrupper på blant anna nettsida kristenfilm.com eller hos Barnevakten.no




Kort ned ventetida med ei god bok!

Bergen kristne bokhandel har godt utval av aktivitetsbøker og godt lesestoff for alle aldersgrupper.



Angelas jul

Vesle Angela er bekymra for om Jesusbarnet frys i krubba si, og tek saka i egne hender.



Stjernen

Juleevangeliet frå dyra sitt perspektiv, presentert med humor og fantasi.

Ytre Arna Ving er eit barnelag for born i 1.-4. klasse. Møtestad er Ytre Arna bedehus annankvar torsdag kl. 18.00-19.15. Vi startar med ein andakt. Så blir alle delte inn i grupper etter alder med ulike aktivitetar som kjøkken, hobby, sløyd og teknikk. Her kan du få utfalda dine kreative evner! Det vert og Ving-kveldar med julefest, påskefest og mini-tivoli. Pris: 150 kr per år. Kontakt: Jørgen Bernes, tlf. 902 66 033.

Torsdagsklubben er for deg som går i 5.klasse og oppover! Dei held til i Ytre Arna Bedehus, annankvar torsdag frå kl.18-20. Leiar er Oddhild Blindheim. Ta kontakt på oddhild87@gmail.com for meir informasjon.

Klubben for funksjonshemma møtest onsdagar kl 17.30-19.30 i Arna kyrkjelydshus. Av programmet i haust står blant anna ludo-turnering, filmkveld, kostymefest og baking. Kveldane blir avslutta med kveldsmat, song og eit ord for kvelden. Ein gong i månaden er det eiga klubb-gudsteneste i kyrkja kl 18.30. Den er open for alle, sjå gudstenestelisten bak på bladet.

Klubben har plass til fleire! Kontakt leiar Frida Runge for meir info, fridarunge@gmail.com

Ny møteplass i Ytre Arna!

Ytre Arna kyrkje og Ytre Arna sanitetsforening inviterer til uformelt førermiddagstreff i Ytre Arna kyrkjelydshus ein måndag i månaden. Stikk innom for ein prat, ta gjerne med eit handarbeid. Det blir servert kaffi, te og litt å bite i. Datoar for treff er 18. november og 16. desember kl. 12-14.

Middag for små & store

i Ytre Arna kyrkjelydshus onsdag 27. november kl 14-17.

Open kyrkje i Arna

onsdagar kl 17-19. Du kan tenna lys, sitja i stillhet eller be. Frivillige kyrkjevertar er til stades.

Grautlördag for alle generasjonar i Arna kyrkjelydshus! Gratis kafe med laurdagsgraut, saft og kaffi. Leik og aktivitetar for barna. Alt er gratis! Siste middagen i år er 30.11.

Arna familiekor er ein møtestad for barn i følgje med vaksne. Hotdogs, saft og kaffi frå kl 16.30. Song og leik kl 17-17.30. Familiekoret øver i Arna kyrkjelydshus annankvar tysdag i oddetalsveker.



Ingmar Ljones og Sigrun Gjerde Arefjord er begge svært nøgde med det nye golvbelegget i Kyrkjelydshuset i Indre Arna.

Nytt golvbelegg i Kyrkjelydshuset

Kyrkjelydshuset i Indre Arna har fått nytt golvbelegg i hovudetasjonen. Omnane er også skifta ut, Dette skjedde i haustferien i oktober.

Sigrun Gjerde Arefjord er ein ivrig brukar av Kyrkjelydshuset, ikkje minst av Seniorsenteret. Ho har studert golvbelegget og har latt seg imponere. Det er eit veldig flott arbeid som er gjort, ikkje minst gjeld det skøyten ute i gangen, seier ho.

Ho meiner det er viktig med godt vedlikehald av Kyrkjelydshuset. Det er noko Ingmar Ljones er heilt samd i. Han er leiar i husutvalet og medlem av soknerådet. Han stod sist på lista til soknerådsvalet, men fekk flest røyster. Prinsipielt er det slik at vi ikkje må gi huset ein sjanse til å forfalle, seier han.

Golvbelegget var om lag 30 år gammalt, og det var så slitt at det var vanskeleg å halda reint.

Golvet er no blitt lysare enn det var. Ingmar Ljones er svært godt nøgd med fargevalet. Mange har tatt kontakt og har uttrykt glede over kor lyst og fint det er blitt. Nokre seier at det er litt for lyst, medan andre seier at det kunne ha vore lysare. Då meiner eg at vi har treft godt, seier Ingmar Ljones. Skiftet av golvbelegget har kosta 154.000 kroner. Det er ein god pris. I tillegg er det gjort ein god del dugnadsarbeid med å fjerne det gamle golvbelegget.

Dei gamle omnane var ikkje lenger godkjente og er skifta ut. Desse nye omnane er slik at du ikkje brenn deg og om du kjem borti dei.

TEKST OG FOTO: AUDUN STØLÅS

Takk!

Basaren for kyrkjelydshuset i Indre Arna gav kr. 95 400,- på kontoen. Dette kjem godt med til drift og vedlikehald av huset.

Stor takk til alle som gav gevinstar, og til alle som kjøpte lodd!!

Har du lyst til å vera med på LysVaken i Ytre Arna kyrkje?

Ei helg før jul vil tusenvis av 11-åringar i heile Noreg bli inviterte til å oppleve ei adventsnatt i ei kyrkje!

I Ytre Arna blir det laurdag 30. november til søndag 1. desember, natta til 1. søndag i advent. Programmet tek til laurdag 19.00 og blir avslutta med gudsteneste for små og store søndag førmiddag. Gudstenesta begynner kl. 11.00 og er ferdig om lag kl. 12.15. Det blir felles kveldsmat og kos laurdag kveld og frukost saman søndag morgon.

Påmelding innan måndag 25. november til Marianne på mh798@kyrkja.no eller til Ytre Arna kyrkjekontor tlf. 55 36 22 73.

Så er det berre å møta opp i kyrkja laurdag 30. november kl. 19.00 – med sovepose!

LYS VÅKEN



Bibeltimar i Ytre Arna

Våren 2025 gjer me det litt annleis med bibeltimane. I staden for å spreia det utover heile våren og la det vera opp til bibeltimenehaldarane kva dei vil snakka om, har me denne gongen bestemt at alle bibeltimane skal handla om dei sju breva i Johannes openberring, og sett timane opp tre veker etter kvarandre. Bibeltimane er framleis på onsdagar. Kvar gong er det anten ein enkel bibeltime med kaffi etter eller ein dobbel bibeltime – med ein kopp kaffi i pausen.

Program for våren 2025:

5. februar kl. 19.00 i Haugland bedehus: Op 1,9-2,11. Introduksjon, brevet til Efesos og brevet til Smyrna. Talar enno ikkje bestemt.

12. februar kl. 19.00 i Ytre Arna kyrkje: Op 2,12-3,6. Brevet til Pergamon, brevet til Tyatira og brevet til Sardes. Ingvar Fløysvik.

19. februar kl. 19.00 i Ytre Arna bedehus: Op 3,7-22. Brevet til Filadelfia, brevet til Laodikea. Kva har desse breva å seia for oss i dag? Talar enno ikkje bestemt.



Vi perler påskehistoria

Måndag 31.03.25 kl. 17.00 vert det samling, for alle som er/fyller 7 år i 2025, i Ytre Arna kyrkjelydshus.

Her får vi høyre påskehistoria, og så kan vi saman perle flotte figurar frå historia. Det vert enkel servering og kaffi til foreldre/føresette som føl barna.

Basar

i Ytre Arna kyrkjelydshus
Laurdag 15. mars 2025, kl. 13.00

Kaffi og kaker. Non Stop barne- og ungdomskor syng.

Gevinstar kan leverast i Noa open barnehage eller på kyrkjekontoret i Indre Arna. Inntekta går til kyrkjelydshuset.

Revheim Gravferdshjelp 

Gravferder og bisettelser på Osterøy og omegn

Tlf 56393030

revheim@grhjelp.no revheimgravferdshjelp.no



Lokalt kyrkjeblad og lokale støttespelarar

Sokneråda i Arna og Ytre Arna rettar ei stor takk til alle verksemdene som har sagt ja til å finansiera design og trykk av det heilt lokale Kyrkjebladet med tre årlege utgåver.

Vi er på lag - til beste for Arna!

For Arna sokneråd: Kristin Haukaas
For Ytre Arna sokneråd: Jorunn Haukås



Ditt lokale verksted



Stamneshagen Auto AS

Ytre Arna Tlf. 55247724 sthauto@online.no

For mer informasjon og bilder: Hjemmeside: <http://www.stamneshagenauto.no>
Facebook: [Stamneshagen Auto AS](#)
Kontaktpersoner eldre biler: Terje Angeltveit eller Gudmund Stamneshagen

**BYGGMESTER
JOSTEIN GARNES AS**



**Murmester
Sigurd Djonne AS**

www.sigurd-djonne.no.no
Tlf. 55 24 21 16
Følg oss på facebook 

*Boliger
i mur*

ARNA
gravferdsbyrå

DAHLS

Lakslia 14 (Borgstova), 5261 Indre Arna.
tlf: **55 24 08 08** (24t). arna-gravferdsbyraa.no

**ODDVAR
BJELDE**

Tlf. 55 53 55 20 | oddvarbjelde.no



NorEngros

K.J. Brusdal AS

M. VATLE & SØNN AS

AUT. RØRLEGGJERFIRMA
Etab. 1946



Bodegadrift
drift og utleie av eiendom

Vil du være med som frivillig?

Driften av fangeleiren avhenger av frivillige. Ta kontakt hvis du vil vite mer om arbeidet. 2011evf@gmail.com, tlf. 45872399



**Espeland Fangeleir
Venneforening**

**ARNA
glass as**



Natur

*“Spør bare dyrene,
og de skal lære deg,
spør fuglene under himmelen,
og de skal opplyse deg.
Snakk med jorden,
og den skal lære deg,
fiskene i havet skal fortelle.
Hvem av disse har ikke
forstått at Herrens hånd
har laget dette?
Han har hver levende
skapning i sin hånd, og
ånden til hvert menneske”*

Job 12.7-10

Hver fugl og hvert levende vesen kan lære oss noe om Gud. At Gud har skapt dem og har omsorg for dem. Naturen har slik en verdi for Gud. Burde ikke derfor vår første tanke være verne om den heller enn å ødelegge den?



Hegre, Storelva

Foto: Erik Rodal



**Slekters
gang**

Arna

Døpte:

Trygve Wiktorin Korsmo	Frode Vangsnes
Gustav Jacob Velure Wrengler	Steinar Drøsdal
Valentina Samdal	Terje Langhelle
Felix Steensen Sivertsen	Liv Songstad
Erling Asplin Utkilen	Åse Karin Hylderaas
Emilie Herheim Nordvik	Oddlaug Grindheim
Magnus Hagebø-Henanger	Kjell Holm
Mari Amdal Berntsen	Turid Hellerud
Silje Flaktveit Sleen	Unni Solberg
Sverre Sporsheim Hopland	Odd Ansgar Brun Pedersen
Hedda Nygaard Arnesen	Eddie Nils Knutsen
Emrik Garnes Berg	Klara Fure
Eik Hals	Haldis Ellinor Nilsen
Lilly Emine Nesse	Tordis Dolvik
Thor Osland-Kvammen	Björg Hansen
Selma Steffensen	Magne Telstø
Fjor Nyheim Nævdal	Thorvald Paulsen
Trym Børve	Jan Wallem
Ellie Nygård-Unneland	
Ellinor Loftås-Søvik	
Saga Skålheim Nguyen	

Vigde:

Lucas Stenseth &
Cathrine Hjertholm Helland

Elin Erdal Ytreland &
Kai Ove Skage

Ruben Andre Mikalsen
Salhus & Silje Andrea
Hjortland Östman

Døde:

Lillian Kirsten Uhe
John-Are Horvei
Ove Taranger
Randi Karin Edgren Eid
Faannessen
Berit Jensine Haugsvær
Bjørn Myhren
Egil Giil

Ytre Arna

Døpte:

Fredrik Kjærland
Vetle Slyk Husdal

Døde:

Sverre Martin Fredriksen
Solfrid Sørvik
Ole Jakob Abrahamsen
Per Rosslund
Bjarne Odin Enoksen
Svein Bertin Songstad

Gudstenestekalender

Her finn du oversikt over gudstenester i Arna og Ytre Arna kyrkjer – med atterhald om endringar. Det er takkoffer og nattverd nesten kvar gong og dåp i nokre gudstenester. Påmelding til dåp skjer via heimesida til kyrkja, der ligg det oversikt over ledige datoar. Sjå www.kyrkja.no/arna eller www.kyrkja.no/ytrearna. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du ta kontakt med ein av sokneprestane, så finn me ei løysing.
Arna: Roar Moen, Mobil: 957 95 324. Ytre Arna: Ingvar Fløysvik, Mobil: 916 06 626



01.12.

1. søndag i adventstida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Reisæter-
Thu.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste for små
og store. Lys vaken.
Fløysvik. Non stop
singing.

Ytre Arna kyrkje kl. 19:
Lysmesse. Fløysvik.
Konfirmantane.

04.12.

Arna kyrkje kl. 18.30:
Klubb gudsteneste.
Reisæter-Thu.

08.12.

2. søndag i adventstida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Moen.

15.12.

3. søndag adventstida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Reisæter-
Thu.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik.

24.12.

Julaftan
Takvam kapell kl 12:
Gudsteneste. Moen.

Arna kyrkje kl. 14.30
og 16.00:
Gudsteneste. Moen

Ytre Arna kyrkje kl. 15:
Gudsteneste for små
og store. Fløysvik.
Arne Musikforening.

Ytre Arna kyrkje
kl. 16.15:

Gudsteneste for små
og store. Fløysvik.
Non stop singing.

25.12.

Juledag
Arna kyrkje kl. 12:
Høgtidsudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 12:
Høgtids gudsteneste.
Fløysvik.

29.12.

Romjuls søndag
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Reisæter-
Thu.

31.12.

Nyttårsaftan
Arna kyrkje kl. 23:15:
Gudsteneste. Jakobsen.

05.01.

**Kristi openberrings-
søndag**
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Reisæter-
Thu. Konfirmant-
presentasjon.

12.01.

**2. søndag i
openberringstida**
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik.

19.01.

**3. søndag i
openberringstida**
Arna kyrkje kl. 17:
Gudsteneste. Reisæter-
Thu.

26.01.

**4. søndag i
openberringstida**
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik.

02.02.

**5. søndag i
openberringstida**
Arna kyrkje kl. 11:
NRK-gudsteneste for
store og små. Haavik.
Arna Soul Children.

09.02.

**6. søndag i
openberringstida**
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste for små
og store. Dåpshjarte.
Fløysvik. Non Stop
Singing.

16.02.

**Såmannssundagen,
Bibeldagen**
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Moen.

23.02.

Kristi forklåringsdag
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Reisæter-
Thu.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik.

02.03.

Fastelavn
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste for
store og små. Moen,
Reisæter-Thu.

09.03.

1. søndag i fastetida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik.

16.03.

2. søndag i fastetida
Arna kyrkje kl. 17:
Gudsteneste. Reisæter-
Thu.

23.03.

Maria bodskapsdag
Arna kyrkje kl. 11:
Temagudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik.

30.03.

3. søndag i fastetida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Reisæter-
Thu.

06.04.

4. søndag i fastetida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik.
Konfirmantane.

13.04.

Palmesøndag
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste for store
og små. Reisæter-Thu.

Velkommen til dåp!

Alle er velkomne til dåp i kyrkjene våre. På heimesida finn du meir informasjon om dåpen og skjema for digital påmelding.

www.kyrkja.no/arna
www.kyrkja.no/ytrearna

Vel fana «dåp», «ny registre-ring» og kryss av for den kyrkja du ønskjer dåp i, så får du opp ledige datoar. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du kontakta kyrkjekontoret eller ein av prestane direkte.